

Ingeborg Lie Fredheim, OA

Nytt opplæringsfartøy - uttale

Viser til brev datert 21.06.18 der det blir bedt om uttale i høve til utarbeidd konsept for nytt opplæringsfartøy som skal nyttast til opplæring ved Måløy vidaregåande skule.

Skulen vil gje ein uttale i høve til dimensjonering, funksjonalitet og god ressursbruk ut frå konseptet på det planlagde opplæringsfartøyet.

Bemanning frå Opplæringsfartøyet A/S

Ved seilas med Opplæringsfartøyet er det behov for mannskap med skipper og maskinist.

Bemanning frå Måløy vidaregåande skule

Ein til to lærarar pluss styrmann ved opplæring på Vg1 naturbruk og Vg2 Fiske og fangst

Ein til to lærarar ved opplæring på maritime fag

Elevar

Gruppestorleik 12 – 14 elevar ved marine og maritime utdanningsprogram, 1-2 elevar frå restaurant og matfag.

Dimensjonering:

Etter skulen sine synspunkt er fartøyet si dimensjonering fornuftig i høve til at det skal utrustast og sertifiserast for havfiske. Båten har innreiing og lugarar til 20 personar. Dette gjer det mogeleg å gjennomføre lengre turar med full klasse, lærarar og mannskap. Med ei utrusting på lugarplass til 20 personar, gjev dette rom for at skulen kan organisere undervisning for ei heil klasse ved maritime og marine utdanningsprogram.

I tillegg gjev det også rom for opplæringa og utplassering av 1-2 elevar frå utdanningsprogram ved restaurant og matfag. Storleiken på byssa er dimensjonert for dette formålet, noko som er ynskjeleg for at skulen skal kunne legge til rette for at elevar ved denne linja får mogelegheit til praksisopplæring på båt. Alle elevar ved restaurant og matfag ved Måløy vidaregåande skule, som einaste skule i landet, får tilbod om sikkerheitskurs gjennom opplæringa. Dette gir elevane eit konkurransefortrinn i høve til læreplassar.

Undervisninga for dei maritime klassene er i dag organisert med praktisk opplæring på Skulebas ein dag i veka i 17 veker og 3 veker organisert som lenger turar med overnatting. Ved Vg2 Fiske og fangst er opplæringa organisert i 5 veker med lenger turar overnatting og ved Vg1 naturbruk er opplæring organisert i 6 veker med behov for overnatting.

Totalt blei opplæringa ved dei marine og maritime utdanningsprogramma i 2017/2018 organisert med 14 veker til lenger seglasar med behov for overnatting. Den praktiske opplæringa for 2018/2019 er planlagt med noko tilsvarande aktivitet med praktisk opplæring på Opplæringsfartøyet.

Ved auka elevtal til 18 elvar ved naturbruk frå skuleåret 2018/2019, vert behov for bruk av Skulebas auke frå 14 veker til 20 veker, for å kunne oppretthalde den praksisnære opplæringa for elvane.

Ved ein eventuell reduksjon i lugarkapasitet vil dette medføre at delar av den praktiske opplæringa må organiserast med delte grupper ved maritime og marine utdanningsprogram. Konsekvensane ved ei slik organisering vil medføre auke lønns- og driftsutgifter for Opplæringsfartøyet A/S.

Ved redusert lugarkapasitet og undervisning i delte grupper må elevane si opplæring organiserast ved ulike opplæringsarenaer, noko som vil auke behov for tilgang til klasserom/verkstadar. Organisering i delte grupper vil også medføre ei dobling av lønnsutgiftene i høve undervisningspersonellet i desse periodane. Truleg vil organiseringa gje elevane høg kvalitet på opplæringa.

Etter opplæringslova har skulen eit ansvar for å tilpasse opplæringa for alle elevar, også elevar med behov for spesialundervisning. Dette vil medføre behov for auka lærartettleik og auka lugarkapasitet. Skulen har gode erfaringar i høve til at elevar med nedsett funksjonsevne får mogelegheit til å delta i den praktiske opplæringa, både på dagsturar og turar med behov for overnatting.

Med den foreslegne dimensjoneringa med lugarkapasitet til 20 personar vil bruksområdet for fartøyet vere stort i høve til mogeleg samarbeide også med andre utdanningsinstitusjonar og til eventuell utleige. Skulebas har over lenger tid vert leigd ut til Opplæringskontoret for fiske og havbruk, der den har vore nytta til jente- og gutteleirar for elevar i ungdomstrinnet.

Funksjonalitet:

Det er viktig at båten er utrusta for garn og linefiske etter dagens standar, for at elevane skal få ei opplæring der utstyr og fasilitetar er tilnærma dei arbeidsforholda, som dei vil møte etter fullført utdanning.

Broløysinga gjer det mogeleg å drive god undervisning for brovakt og navigasjon for elevar ved maritime utdanningsprogram. Det er viktig at båten vert utrusta med miljøvennleg framdriftssystem, og mogelegheit for å setje inn batteri/hydrogenpakkar. Dette gjer at vi får ei god og framtidsretta undervisning av motormann- og maskinutdanninga.

Utrustning med mogelegheiter for prøvetaking frå sjø og havbotn er viktig og framtidsretta, i ei næring som i høg grad er prega av forskning og utvikling, for å oppnå betre utnytting av ressursane i havet. I ein kombinasjon med laboratorium gjev dette mogelegheiter for å nytte fartøyet opp i mot havbruksnæringa. Samt opplæring for realfagselvar ved studiespesialiserande utdanningsprogram i programfaga; biologi, kjemi og teknologi og forskingslære.

Måløy marine kompetansesenter og det marine FoU-senter, som er under etablering i samarbeid med Noregs Miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) vil også kunne vere potensielle leigetakarar av eit fartøyet med desse fasilitetane.

God ressursbruk.

Eit opplæringsfartøy med det planlagde utstyret vil gje elevane ved maritime og marine utdanningsprogram ein moderne og framtidsretta opplæringsarena. Eit moderne opplæringsfartøyet er viktig for å posisjonere seg og utvikle kvaliteten på opplæringa, i tråd med næringslivet sine behov. I verdiskapingsplanen har ein ei målsetjing om vekst og verdiskapning i yrka knytte til fiskeri og havbruksnæringane.

Ved realisering av det planlagde opplæringsfartøyet vil opplæringstilbodet ved marine og maritime utdanningar i Måløy verte styrka og skulen vil kunne gi elevane i Sogn og Fjordane ei kvalitativ god og framtidsretta opplæring, i samsvar med læreplanane.

Klarar vi å posisjonere oss blant de beste i landet på opplæring vil vi kunne skape gode tilknytningar til næringslivet på Vestlandet.

Med helsing

Åsta Navelsaker Røed
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Seglingsplan Skulebas 2017/2018

Mottakar (ar)
Ingeborg Lie Fredheim, OA